



DEN NORSKE KYRKJA
Skodje sokneråd

Møtebok

Utval: Skodje sokneråd
Møtedato: 25.05.2023
Møtetid: kl. 19:00
Møtestad: Skodje rådhus

Innkalla:

Anne Lovise Løvås, Arnstein Sæthre, Tove Solheim Kristensen, Kristine Oksavik Sve, Elisabeth Bjørdal Leine, , Ole Karsten Honningdalsnes, Jan Løkkeborg.

7 voterande
Meldt forfall: Jostein Kvalen

Saksliste:

Godkjenning av innkalling og referat

Vedtakssaker:

Sak 26/23: Orienteringssaker 25.05.23
Sak 27/23: Kyrkjevalet 2023, supplerande nominasjon
Sak 28/23: Økonomirapport 1. kvartal
Sak 29/23: Friviljug medlemskontigent
Sak 30/23: Strategi for organisasjonen
Sak 31/23: Ny misjonsavtale
Sak 32/23: Evaluering av markering for konfirmantane
Sak 33/23: Evaluering av ordning med framskutt altar
Sak 34/23: Føresprunad om arrangement i kyrkja

Vel møtt!

Anne Lovise L. Løvås
leiar

Saksnr	Sak	Møtedato
26/23	Orienteringssaker	<<MøteDato>>

Saksframstilling

1. Informasjon frå stab.
2. Informasjon frå råd og utval.
3. Nytt frå fellesrådsrepresentanten.

Forslag til vedtak.

Soknerådet tek orienteringssakene til vitande.

Saksnr	Sak	Møtedato
27/23	Kyrkjevalet 2023. Supplerande nominasjon	<<MøteDato>>

Saksframstilling:

Frist for supplerande nominasjon er 22. mai. Vi mangler framleis 6 namn for å få fullstendig liste. Kva gjer vi? Drøfting om akutelle å spørje på nytt, ev. nye namm.

Møtebehandling:

Like før fristen 22. mai fekk vi ja frå ein person til, som er villig til å stille på varaplass. Vi manglar framleis 5 namn for å få fullstendig liste. Frå rådgjevar sokneråd har vi fått informasjon om at vi kan stille med liste som ikkje er fullstendig. Minuset med det er at då kan stemmegjevarane føre på tilfeldige namn, altså at personar som ikkje ønskjer å stille til val blir påført. Dersom dette skjer er det krav til at vedkomande må få 5% av det totale stemmetalet for å bli vald inn.

Dersom det skulle skje at nokon blir vald inn som absolutt ikkje ønskjer å stille, kan de løysast ved at vedkomande søker permisjon.

Vi kan stille liste med 8 personar; 6 faste og 2 vara.

Saksnr 28/23	Sak Økonomirapport 1. kvartal 2023	Møtedato <<MøteDato> >
------------------------	--	-------------------------------------

Saksframstilling:

Økonomirapport for 1. kvartal er motteke, og er lagt ved innkalling. Økonomirapport blir lagt fram i møtet, ilag med budsjett.

Vedtak:

Rapporten vert teken til vitande.

Saksnr 29/23	Sak Frivilleg medlemskontigent Skodje kyrkjelyd	Møtedato <<MøteDato> >
------------------------	---	-------------------------------------

Saksframstilling:

I tillegg til å rekruttere faste givarar til kyrkjelyden foreslår AU å forsøke ei ordning med friviljug medlemskontigent, på 200 kr pr år. Au har drøfta forslag til tekst som kan leggst ut på heimesider/nettressurs. Teksten vil bli lagt fram for soknerådet til informasjon og drøfting.

Vedtak:

Saka var avgjort i møte 20. april. Saka i dag vert trekt.

Saksnr 30/23	Sak Strategi for organisasjonen vår	Møtedato <<MøteDato> >
------------------------	---	-------------------------------------

Saksframstilling:

Soknerådet bør ha ein overordna samtale om vidare strategi for kyrkjelydsbygging/arbeidet. Soknerpresten deler tanker omrking dette. Gudstenestegruupper blir naturleg å drøfte her, samt Namu-utvalget si rolle som overordna strategiarbeid i høve kyrkjelydsvekst, overfor soknerådet.

Gudstenestegruupper, underlagt gudsteneutvalget? Er gudstenesteutvalget overflødig dersom det blir oppnemnt gudstenestegruupper? Kan ein tenke for eksempel tre gudstenestegruupper der leiar for kvar gruppe er med i eit overordna gudstenesteutvalg?

Samrøystes vedtak:

Namu-utvalet fortset som før, med fokus på (overordna) strategiarbeid i høve kyrkjelydsvekst. Soknerådet utnemner to nye representanter til Namu-utvalet, som erstatter to medlemmer som har slutta.

Gudstenesteutvalet arbeider særskilt med utforming og utvikling av gudstenestene. Det vert i tillegg oppnemnt tre gudstenestegruupper, som rullerer på å planlegge konkrete gudstenester med fokus på tekstlesing, salmar og musikalske krefter. Ein frå gudstenesteutvalet bør vere representert i ei gudstenestegruppe. Sokneprest, kantor og medliturg deltek i gudstenestegruppene så langt det let seg gjere. Soknepresten, kateket eller kyrkjelydspedagog

har det overordna ansvaret for gudstenestegruppene, og får fullmakt til å knyte til seg medlemmer.

Saksnr	Sak	Møtedato
31/23	Ny misjonsavgtale og aksjon «Saman som kyrkje i heile verda».	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Ny misjonsavtale med Misjonsalliansen er no klar til signering. Avtalen blir lagt fram for soknerådet. Skal vi markere inngåing av ny misjonsavtale ved å arrangere ei misjonsgudsteneste? Vi blir oppfordra til å delta i aksjonen i perioda 18.mai til 23. juni. Informasjonsmail motteke:

[Sammen som kirke i hele verden?](#)

Kirkens egen misjonsaksjon *Sammen som kirke i hele verden* nærmer seg. Aksjonen varer fra 18. mai til 23. juni. Denne aksjonen er en fin anledning til å sette ekstra fokus på menighetens valgte misjonsprosjekt. Vi i Misjonsalliansen gleder oss til å støtte aksjonen med ressursene vi har laget for misjonsprosjektene.

På [Misjonsalliansens nettside for menigheter](#) (klikk inn på landet dere støtter) finner dere:

- Inspirasjonsvideo
- Filmer fra arbeidet
- Fyldig oppdatering fra arbeidet i misjonslandet (med forslag til kunngjøring og bønn)
- Artikler fra misjonsarbeidet
- Forslag til innsamlingsaktivitet - [#SammenMiddag](#)

På kirkens egne nettsider [Sammen som kirke i hele verden - Ressursbanken, Den norske kirke \(kirken.no\)](#) er det mer informasjon om aksjonen og ressurser tilknyttet denne.

Vi håper deres menighet blir med på aksjonen! Send oss gjerne en e-post om dere har planlagt spesielle aktiviteter som dere vil dele med oss, eller som vi kan heie på i sosiale medier

AU foreslår å ha misjonsfokus på 1. pinsedag, med inngåing av ny misjonsavtale med misjonsalliansen, og ofring til misjonsprosjektet. Kyrjekoret er førespurd om å delta. Misjonsfokus også i gudstenesta den 4. juni, då med ofring til NMS-prosjektet og informasjon frå Estland. Der vil songgruppa Gutane frå Sula delta.

Vidare foreslår AU at soknerådet planlegg ei familiegudsteneste 27. august, der vi inviterer representanter frå misjonsalliansen, med ofring til det nye misjonsprosjektet.

Samrøystes vedtak:

Informasjon om ny misjonsavtale vert gjort i gudsteneste 1. pinsedag. Offeret denne dagen går til Misjonsalliansen.

Det vert misjonsfokus også i gudstenesta den 4. juni, då med ofring til NMS; kyrkjebygging i Estland. Det vert gitt informasjon om misjonsprosjektet i Estland.

Familiegudsteneste 27. august med misjonsfokus, der Misjonsalliansen vert representert ved Sverre Vik. Offer til det nye misjonsprosjektet (Misjonsalliansen)

Saksnr	Sak	Møtedato
32/23	Evaluering av markering for konfirmanter.	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Samtalegudsteneste 30. april kl 17:00 med fotografering. Det vart ikkje arrangert konfirmanfest for årets konfirmentkull. Soknerådet ordna med enkel kyrkjekaffi i kyrkja etter samtalegudstenesta, medan fotografen rigga opp til fotografering. Det var ei utfordring å arrangere mat/kaffiservering til om lag 250 personar, det var trengt om plassen. Det vart litt venting, både fordi det tok lang tid å rigge til fotoseansen, men også fordi konfirmanter skulle få utdelt kapper før fotografering.

Vi evaluerer arrangementet med tanke på planlegging til neste års konfirmentkull, som potensielt blir like stort.

Soknerådsleiaren utformar referat etter evalueringa.

Oppsummerande referat frå evalueringa:

- Konfirmasjonsgudstenestene: Fine gudstenester alt i alt, god kommunikasjon med konfirmentane, og god forkynning. Tida mellom gudstenestene laurdag, med berere ein halv time, vart for knapp. Dette førte til trafikk-utfordringar. Det kunne vore tenkt litt meir «internasjonalt» ifht val av salmar, f.eks kunne ein nytta originalteksten på «Amacing grace». Forsongargruppe ønskjeleg på alle gudstenestene, og at forsongarar står framme i koret. Konfirment-diplomet som var tilordna vart ikkje delt ut. Dette var ei forgløyming.
- Samtalegudstenesta: Utfordrande med så mange personar i kyrkja. Fleire meinte fotograferinga tok for lang tid. Med over 70 konfirmanter tok oppstilling lang tid. Personar som skulle hjelpe til med rigging av benkar/oppstilling burde vore førespurd på førehand. Det kom opp forslag om at fotografering bør leggjast til ein annan dag enn samtalegudstenesta.
 - Utdeling av konfirmentkapper tok også tid, så ein klar fordel hadde vore om kappene har vore prøvd/delt ut før arrangementet. Dersom vi har for få konfirmentkapper i Skodje, bør vi vurdere innkjøp av fleire.
 - Matsservering i kyrkja til nærare 250 personar er ei utfordring, sjølv om serveringa var nøye planlagt, opplevdes serveringa som litt kaotisk. Det er på det reine at kyrkja vår ikkje er eigna til servering av mat, til trass for at det var ein enkel kyrkjekaffe.
 - Roseutdeling; På dette tidspunktet var konfirmentane så lei (etter lang tid med fotografering) at det vart ikkje den høgtids-stunda det var meint å vere

Leiar, Anne Lovise, skreiv denne oppsummeringa.

Saksnr	Sak	Møtedato
33/23	Evaluering av ordning med framskutt altar	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Saka har vore oppe før, og det vart vedteke å ha ei periode med framskutt altar som ei prøveordning. Spørsmålet har vore opp i gudstenesteutvalet, soknepresten vil orientere om drøfting i gudstenesteutvalet.

Ordninga kom igong etter vedtak i soknerådet, på bakgrunn soknepresten sitt ønske, med løyve frå biskopen.

Vedtak:

Framlegg frå Arnstein Sæthre: 2 røyster
Ordninga med framskutt altar vert avvikla.

Framlegg frå Anne Lovise Løvås: 5 røyster
Ordninga med framskutt altar vert gjort permanent, og soknerådet søker Møre Biskop om løyve til dette.

Framlegget frå Anne Lovise Løvås vert vedteke.

Saksnr.	Sak	Møtedato
34/23	Førespurnad om arrangement i kyrkja.	<<MøteDato>>

Saksframstilling:

Tre førespurnader om arrangement i kyrkja:

1. Julekonsert med tre lokale ungdomar;

Marie Løvås, David Løvås og Sondre Ferstad.

Dato: Midten av desember

2: Mulitmediaførestilling om

Markusevangeliet;

Dato: November 2023 (ev. januar og februar 2024)

Soknerådet tenkjer seg dette arrangementet som eit innslag i kulturveka i siste veka i oktober. Alternativt i januar/februar 2024.

Informasjon frå Christian Stejskal; Forteljar, fiolinist og fotograf.

«I min multimedia-forestilling forteller jeg Markusevangeliet – tekst tro og uten manuskript. Jeg har reist på kryss og tvers i Midtøsten og gått i Kristi fotspor og fotografert det kulturelle landskapet i Israel, Jordan og Egypt på leting etter 90 Bibelske motiver som illustrerer Markusevangeliets 16 kapitler, og som jeg viser på en skjerm samtidig som jeg forteller evangeliet. Fotografiene illustrerer evangeliet med utgangspunkt i om Jesus hadde kommet til et Postmodernistisk Midtøsten i 2020 – med det mener jeg hans første komme, og ikke hans andre.

Dette har jeg satt sammen med korte innslag av egenkomponert musikk spilt på fiolin.

Vennligst se vedlagt youtube link:

<https://www.youtube.com/watch?v=5XGHLRT7oAE&pp=ygUtY2hyaXN0aWFuIHNOZWpza2FslG1hcm t1c2V2YW5nZWxpZXQgcMOlIG5vcnNr>

**3: Julekonsert 7. desember med Skodje
kyrkjekor og Valle barnekor**